



Tysdag kjem det fleire deltakarar i skøytekurset. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Torsdag i førre veka starta skigruppa i Uskedalen skøytekurset sitt i Fjellhaugen. Det var ein svært læreviljug gjeng som møtte opp, her mangla det ikkje på innsats og humør, fortel leiar Catrine Haugland til uskedalen.no. Tysdag og torsdag i denne veka er dei neste kurskveldane.**

Instruktørane Sara Hjelmeland Arnesen, Bjørn Olav Tveit, Pål Haugland og Catrine Haugland var svært imponert over den framgangen elevane synte allereie den første kurskvelden.

Kvelden starta med litt grunnleggjanda øvingar i skøyteknikk der alle fekk kjenna kor viktig balanse og tyngdeoverføring er i skøyting.

Etterkvart gjekk ein over til dei meir kjende teknikkane som enkeldans og padling. Fleire nye deltakarar har meldt at dei kjem tysdag. Då vil leiinga dela opp gruppa og starta med det grunnleggjande for dei nye deltakarane medan dei andre får vidare innføring i dei ulike teknikkane, Om fleire har lyst til å vera med tysdag, er det bere å møta opp, seier Catrine.

Ho har fått ideen til dette kurset frå Øystese, der ho kjem ifrå. Der hadde dei stor sukses med eit skøytekurs i fjor og folk har halde fram med å skøyta etter at dei gjekk på kurset. Leiinga presiserar at dette kurset er for mosjonistar og ikkje for dei som framfor alt vil konkurrera. Dette er instruksjon i ein trimform som alle vil ga glede av å kunna.

Av Ola Matti Mathisen



Det var sin svært læreviljug gjeng som møtte fram første kurskvelden. (Foto: Steinar Haugland)